




Mona Vetthus kjem med lyrikk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingane Mona Vetrhus, Gaute Haugland og Camilla Myklebust er med når Kvinnherad Kulturfestival opnar i biblioteket på Husnes torsdag kveld om ei veke. Mona skal delta med lyrikk medan Gaute og Camilla er to av dei 39 påmeldte utstillarane i utstillinga.



Gaute Helland kjem med måleri. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utstillinga 'Her er Eg er her' har fått langt større deltaking enn arrangøren venta og er open for både kjende og ukjendekunstnarar. Arrangøren karakteriserer oppslutnaden som overveldande.

Målet er mellom anna å visa mangfaldet av det kreative sjelar i Kvinnherad steller med. Namnet på utstillinga er meint å symbolisera kunstnaren og kunsten og mangfald pregar dei innmeldte verka.

Det dreier seg om bilete i ulike teknikkar, fotografi, tekstilkunst, installasjonar, dikt, vev og meir til. Premien for beste arbeid vil vera på 5.000 kroner og vil bli delt ut under opninga.

Ellers spenn festivalen over eit vidt register. Den er ein av 8 festivalar og større tilskipingar som er med i ei samla festivalprofilering gjennom året i Kvinnherad, ein kommune som har teke mål av seg til å vera festivalkommunen i Sunnhordland og Hardanger. Leiar i festivalstyret Kristian Bringedal seier at festivalen neste helg har ei klar målsetjing om å sleppa til lokale talent. Ein vil særleg ha fokus på unge og lovande kulturutøvarar frå kommunen og regionen.

For å nemna i fleng blir det ungdomsrock på Capri, barneteater i Kulturhuset (også med uskedelingar som deltakarar), konserten 'Friheim' i Kulturhuset, litteratur på Undarheim gard, teater på direkten i biblioteket, den store frivilligdagen i Storsenteret, fleirkulturell klunsi i Aksen, jazz i Kulturhuset og Sunnhordland Kammerorkester på Husnestunet og 'Klassisk Kloster' på Undarheim gard.

Av Ola Matti Mathisen